



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO

## Kommunedelplan Vågslid – Vinje kommune – Oversending av plansak med motsegn

Vi har mottatt Kommunedelplan Vågslid, planID 20080014, vedtatt av Vinje kommunestyre 18.10.2018. Planen (alternativ 1) er vedtatt med motsegn, og blir derfor oversendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til endeleg handsaming.

### Kven som har motsegn, og kva desse gjeld

Planen var lagt ut til høyring første gang sommaren 2013, og i brev datert 06.09.2013 fremma Fylkesmannen v/miljøverndirektøren og fylkesberedskapssjefen motsegn til planen. Det var motsegn til fleire område knytt til omsynet til villrein, mens motsegn til samfunnstryggleik var knytt til manglande krav til tryggleik i føresegnene.

Motsegn knytt til konsekvensar for villrein vart vurdert i brev 03.06.2014, der motsegn til andre område vart trekt, mens motsegn til byggjeområde for hytter sør for Vågslidvatn og Arabuvatn (område F11), og avgrensing av omsynssone villrein (H-560) vart oppretthalde.

Planen vart sendt på andre gongs offentleg ettersyn juni 2017. Område F11 blei då vesentleg utvida frå første gong planen var på høyring. I brev datert 08.08.2017 fremma Fylkesmannen v/miljøverndirektøren igjen motsegn til planen på dette punktet, med tilvising til omsynet til villrein. Område F11 går delvis inn i omsynssone villrein i Regional plan for Setesdal Aust- og Vesthei og Ryfylkeheiane (Heiplanen). Også motsegn som gjeld avgrensing av omsynssone villrein (H-560) i kommunedelplanen vart vidareført, med tilvising til grensene fastsett i Heiplanen.

Motsegna knytt til samfunnstryggleik blei trekt i samband med andre gongs offentleg ettersyn, slik at det no er motsegn til område F11 og avgrensing av omsynssone villrein som står att for vidare handsaming.

Gjenstående motsegn til område F11 og avgrensing av omsynssone villrein (H-560) rører ved viktige funksjonsområde for villrein, eit tema trekt fram i Rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet «Nasjonale og regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis». Det er her føring at motsegn skal vurderast når foreslått ny arealbruk i planforslaget vil komme i konflikt Naturmangfald – viktige funksjonsområde for villrein.

Vedlagte oversendingsbrev frå Vinje kommune datert 01.11.2018 gir ein god gjennomgang av planprosessen og problemstillingane.

### **Overordna plangrunnlag og tidlegare planar for området**

Tidlegare kommunedelplan for Vågslid var vedtatt i kommunestyret 06.06.2002. Revidert kommunedelplan alternativ 2 samsvarer med planområdet for tidlegare kommunedelplan for Vågslid, og vart vedtatt i kommunestyret 19.10.2017.

I kommuneplanens samfunnsdel 2016 – 2035, vedteke av kommunestyret 02.02.2017, er Vågslid i tillegg til Rauland peika ut som eit satsingsområde for reiseliv. Med satsingsområde er meint tett hytteutbygging, tilkopling til kommunal infrastruktur og høg tilrettelegging av fellesgodar som løypenett og andre kvalitetar som gjer satsingsområdet til ein attraktiv destinasjon. Satsing på Vågslid har lege fast over lang tid.

Regional plan for Setesdal Austhei, Ryfylkeheiane og Setesdal Vesthei (Heiplanen) blei vedtatt i dei rørte fylkestinga våren 2012, og godkjent i Miljøverndepartementet 14.06.2013.

Regionplanen gir avklarande grenser på kartet og retningslinjer for arealbruk i ulike soner. På kartet er det vist område for Nasjonalt villreinområde, område med omsynssone Villrein, og område med omsynssone Bygdeutvikling.

I forslag til kommunedelplan for Vågslid rører del av byggeområde F11 omsynssone villrein i Heiplanen, mens resten ligg innanfor omsynssone bygdeutvikling.

### **Sakshandsaming i kommunen**

Kommunedelplan for Vågslid har hatt følgjande handsaming av milepælar:

- 10.10.2008: Brev med varsel om oppstart av arbeid med rullering
- 22.04.2009: Planprogram vedteke
- 27.02.2013: Plan- og miljøutvalet 1.gangshandsaming
- 23.02.–01.08.2013: Høyring og offentleg ettersyn
- 26.11.2014: Plan- og miljøutvalet 2. gangshandsaming
- 10.05.2017: Plan- og miljøutvalet 4. gangshandsaming
- 16.06.–08.09.2017: 2. gongs høyring og offentleg ettersyn
- 11.10.2017: Plan- og miljøutvalet 5. gangshandsaming
- 19.10.2017: Kommunestyrets vedtak. Alternativ 2 blei vedtatt
- 18.01.2018: Kommunestyrets vedtak av sti- og løypeplan
- 07.03.2018: Meklingsmøte
- 26.09.2018: Plan- og miljøutvalet 6. gangshandsaming
- 18.10.2018: Kommunestyrets vedtak av alternativ 1

Kommunestyret vedtok oktober 2017 alternativ 2, med planområde som for den gjeldande kommunedelplanen. Denne blei vedtatt utan motsegn. Alternativ 1 er inkludert planområde med areal sør for vassdraget som det er knytt motsegn til. Etter meklingsmøtet, der partane ikkje kom fram til semje i saka, vart alternativ 1 vedteken i kommunestyret oktober 2018, og saka blir no sendt til departementet for endeleg avgjerd.

## **Mekling**

Det er gjennomført mekling i saka 07.03.2018. På meklingsmøtet deltok representantar frå Vinje kommune, Telemark fylkeskommune og fylkesmannens miljøvernavdeling.

Ei rekke motsegn var blitt avklart i løpet av planprosessen. Det som stod att for mekling var motsegn til byggeområde for hytter F11. Både avgrensing av området og omfang av utbygging blei diskutert, utan at partane kom fram til semje i møtet. Motsegna til planen står framleis, og blir no sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til vidare handsaming.

Nærare om meklinga og resultatet går fram av referatet vedlagt.

## **Uttale frå Telemark fylkeskommune**

Telemark fylkeskommune har ikkje kome med supplerande fråsegn eter at kommunen har bede om at saka blir sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

## **Vurdering av prinsippa i naturmangfaldlova**

Alle nye område for utbygging er konsekvensutgreidd i forkant av offentleg ettersyn første gang i 2013. Naturverdiar generelt var då eit av utgreiingstema som blei vurdert. Ein kommunedelplan er ein overordna plan, og det er derfor i utgangspunktet tilstrekkeleg å ta utgangspunkt i kjent kunnskap i konsekvensutgreiinga.

Da kommunedelplanen var på offentleg ettersyn første gang i 2013, blei det fremma motsegn til planen med bakgrunn i manglande utgreiing i samband med potensielle konsekvensar for villrein. I etterkant av høyringa har Faun naturforvaltning på oppdrag frå Vinje kommune, utarbeida rapporten «Konsekvensar for villrein ved utkast til ny kommunedelplan for Vågslid», som vurderer dei planlagde endringane opp mot villreinomsynet.

Ved andre gongs høyring og offentleg ettersyn blei område F11 vesentleg utvida frå første gong planen var på høyring, utan at utvidinga var konsekvensutgreidd. I forkant av meklingsmøtet hadde miljøvernavdelinga gjort ei vurdering av om utgreiingane i samband med planlegginga var gode nok. Med bakgrunn i den langvarige planprosessen med fleire høyringsrundar vart det ikkje stilt krav om ytterlegare utgreiingar då ein la til grunn at ein hadde likelydande syn på konsekvensane. Meklinga viste at så ikkje var tilfelle. Kommunen viser til utgreiingar i samband med Heiplanen medan miljøvernavdelinga peikar på ny kunnskap om konsekvensar av ferdsel i villreinen sitt leveområde og auka omfang av hyttebygging som moment som burde vore vurdert nærare.

På denne bakgrunn meiner fylkesmannen at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 ikkje er tilstrekkeleg ivaretatt i saka.

## **Fylkesmannens samla vurdering av saka og tilråding om vedtak**

Revisjonen av kommunedelplan for Vågslid har hatt ein lang prosess, og kommunedelplanen har vore på offentleg ettersyn to gonger. Det har vore fremma fleire motsegn til planen ut frå omsynet til villrein og også samfunnstryggleik. For to område med motsegn grunna i konflikt

med omsynet til villrein er det kome fram til semje mellom kommunen og Fylkesmannens miljøvernavdeling, det er og funne løysing for motsegna grunna i samfunnstryggleik.

Det står no att to motsegner knytt til omsynet til villrein, ei motsegn knytt til byggjeområde for hytter F11 og ei motsegn knytt til at avgrensing av omsynssone villrein (H-560) i kommunedelplanen ikkje er i samsvar med grensene fastsett i Heiplanen.

I forslag til kommunedelplan for Vågslid rører del av byggeområde F11 omsynssone villrein i Heiplanen, mens resten ligg innanfor omsynssone bygdeutvikling. I retningslinene til Heiplanen er det gitt føringar om at Heiplanen skal leggest til grunn for kommunane ved utarbeiding av kommunale arealplanar. I retningslinene for omsynssone villrein er det vist til at det i stor grad gjeld dei same retningslinene som for nasjonalt villreinområde, men at det kan tillatast noko meir aktivitet. Det er vidare opna for at det gjennom plan kan søkast om arealbruk med grunnlag i plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2, dvs. spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygging. Eventuell godkjenning av slike område skal skje gjennom kommuneplanprosess med konsekvensutgreiing. Det er gitt retningsline om at omsynssone villrein i Heiplanen skal visast i kommuneplan som omsynssone bevaring av naturmiljø H-560. Omsynssone bygdeutvikling i Heiplanen er den sona der større utviklingstiltak primært skal kanaliseraast.

Vinje kommune argumenterer for at vidare utvikling av reiselivet i Vågslid-området sørover og inn i «omsynssone villrein» i Heiplanen er naturleg sett i høve til landskapsrom, infrastruktur-utbygging og avstandar innanfor destinasjonen. Kommunen viser vidare til at Heiplanens grenser er grovmaske, og at bindande arealbruk for området først blir fastlagt gjennom utarbeiding av kommuneplan. Kommunen meiner òg at grensene for omsynssone villrein i kommunedelplan for Vågslid i større grad følgjer terrenget på ein naturleg måte, og stemmer betre med villreinens faktiske arealbruk.

Fylkesmannen vil vise til at villrein er ein internasjonal ansvarsart for Noreg, og at området Setesdal-Vesthei er det nest største villreinområdet i Noreg. Vinterbeitet sin del av totalt beiteareal er svært lite, under 10 %, og særskild viktig å ta vare på. Mange av vinterbeita ligger nord og aust i villreinområdet, dvs. innanfor grensene til Vinje kommune. Vi veit og at auka ferdsel inn i vinterbeiteområda ikkje er bra for villreinen. Kartlegging av påverknad frå ferdsel viser at grad av hyppigheit av forstyrringar gir ein avvisingseffekt.

Fylkesmannens miljøvernavdeling varsla alt i 2008 at nærleiken til villreinområdet var problem, då planarbeidet blei varsla. Ved første gangs offentleg ettersyn i 2013 vart det fremma motsegn til fleire område ut frå omsynet til villrein. Vinje kommune fekk då utarbeida villreinutgreiing, og etter det blei motsegna til to område trekt attende. Motsegna til område F11 er vidareført og forsterka etter at kommunedelplanen ved andre gangs offentleg ettersyn blei vesentleg utvida. Motsegna til område F11 er knytt til omfanget av hyttebygging og ferdselen som utbygginga vil generere inn i villreinområda. Mindre del av område F11 er i tillegg lagt innanfor grensene til omsynssone villrein i Heiplanen.

Området sør for vassdraget fungerer i dag som eit nærfriluftsområde for store delar av eksisterande hytteområde innanfor kommunedelplan for Vågslid. Framtidig hyttebygging innanfor F11 vil skyve ferdselen lenger sørover og innover i villreinområdet. Sjølv om det er utarbeidd sti- og løypeplan som vil kunne kanalisere ferdselen, vil ferdselen likevel auke i villreinens leveområde. Både som følgje av mange nye hytter i området og som følgje av at nærturområdet for eksisterande og nye hytter blir bygd ned.

Slik fylkesmannen ser det, er dette ein plan der vidare utvikling må vegast opp mot omsynet til villrein som nasjonal ansvarsart. Ut frå dette vil fylkesmannen rå til at den delen av område F11 som ligg utanfor bygdeutviklingssona i Heiplanen må takast ut av kommunedelplan for Vågslid. Talet på hytter som skal kunne opnast for innanfor F11 må avgrensast for å dempe ferdselstrykket, og det må vere rom for løyper og grønstruktur innanfor område F11 for å ivaretake nærfriluftslivet.

Med helsing

Arne Malme

Kristin B. Vindvad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Vedlegg:

Brev frå Vinje kommune datert 01.11.2018

Dokumentliste, med vedlegg

Vedlegga blir sendt i eige e-post (fleire sendingar).

I tillegg blir 4 eks. av plankart i papirkopi sendt pr. post.

Kopi til:

Vinje kommune                      Vinjevegen 192 3890 VINJE

Telemark fylkeskommune Postboks 2844 3702 SKIEN

Kopi internt til:

Miljøverndirektør Hans Bakke